Møteprotokoll
for
Plan- og kommunalteknisk utval

Møtedato: 21.04.2021
Møtestad: Heradsstyresalen
Møtetid: kl. 13:00 – kl.16:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aksel Mjøs	H	Utvalsleiar
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Kjellaug Hartveit	SP	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Marit Adelsten Jensen	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Johannes Seim Mjelde	V	Vara for M.A.Jensen i sak 028/21
Sigmund Faugstad	FRP	Vara for A.T.Mortensen i sak 030/21

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen v/kommunalsjef Samfunnsutvikling, leiar tekn. forvaltning og politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
024/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
025/21	Godkjenning av møtebok
026/21	Referatsaker og meldingar
027/21	Delegerte saker
028/21	1.gongs handsaming - Plansak Detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone - PlanID 46302019003
029/21	96/27 - Fotland - Søknad om dispensasjon for bygging av naust og kai med flytebrygge
030/21	119/5 Birkeland - Søknad om deling av grunneigedom -Handsaming av klage på vedtak om frådeling
031/21	88/38 Holme - Søknad om dispensasjon for oppføring av mur, opparbeiding av

	uteområde og utbetring av gangveg - handsaming av klage
032/21	89/56 Mjøs - Søknad om dispensasjon - oppføring av tilbygg og innglasing av takoverbygg
033/21	24/4 Søndre Kleppe - Søknad om dispensasjon til frådeling av eigedom
034/21	15/39 - Låstad - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerhall
035/21	62/14 Haus - Pålegg om riving av tak over uteplass og retting av fasadeendring - Handsaming av klage
036/21	129/28 Hamre - Søknad om dispensasjon til oppføring av naust - Handsaming av klage
037/21	100/1 - Krav om lovlegkontroll

Før møtet vart det halde synfaring i sakene 031 og 036/21

024/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Alf T. Mortensen, FRP, varsla 3 saker til slutten av møtet, vassutbygging Hamre, Raknes og Hjellvik, forvaltningsplan for hjort, riving av brannstasjon på Valestrand.

Øyvind Litland, AP, varsla spørsmål om tippen på Hausberg, reguleringsplan Haus sentrum og tipp på Hartveit

Kjellaug Hartveit, SP, varsla spørsmål om riving og nybygg på eigedom på Hauge.

Det var ikkje andre merknader til innkalling og saksliste.

PL - 024/21 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

025/21: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå vert godkjend.

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 10.03.21.

PL - 025/21 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 10.03.21 vert godkjend.

026/21: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 026/21 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

027/21: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

PL - 027/21 VEDTAK:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

028/21: 1.gongs handsaming - Plansak Detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone - PlanID 46302019003

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone, planID 46302019003 med plankart dagsett 21.02.21, føresegner dagsett 07.04.21, planskildring dagsett 22.02.21, vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10.

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Aksel Mjøs, H, bed om vurdering av gildskap, som ein av tiltakshavarane for planen.

Marit Adelsten Jensen, MDG, bad om vurdering av sin gildskap som nær ven av to av tiltakshavarane. Dei tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Johannes Seim Mjelde, V, møtte som vara for Marit A. Jensen - 4 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Nestleiar Øyvind Litland, AP, overtok som møteleiar.

AVRØYSTING gildskap
Aksel Mjøs, H, vart kjend ugild - samrøystes (1AP,1SP,1FRP,1V)

Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 11-10, 1. ledd. Utvalet kjende Aksel Mjøs, H, ugild etter fvl. kap. II, § 6, 1.ledd, bokstav a, *En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak når han selv er part i saken;.* Aksel Mjøs er ein av tiltakshavarane og såleis part i saka.

Mart A. Jensen, MDG, vart kjend ugild - samrøystes (1AP,1SP,1FRP,1V)

Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 11-10, 1. ledd. Utvalet kjende Marit Adelsten Jensen, MDG, ugild etter fvl. kap. II, § 6, 2. ledd - *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.* Utvalet fann at det nære venskapskapsforholdet med to av partane i saka inneber at det føreligg "særegne forhold" som er eigna til å svekka tilliten til hennar upartiskheit i saka, og at utfallet av saka vil vera svært viktig for partane i saka.

AVRØYSTING
Rådmannen sitt framlegg - samrøystes tilrådd (1AP,1SP,1FRP,1V)

PL - 028/21 VEDTAK:

"Framlegg til detaljregulering Hoshovdstølen bustad og strandsone, planID 46302019003 med plankart dagsett 21.02.21, føresegner dagsett 07.04.21, planskildring dagsett 22.02.21, vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10."

Sak 030/21 vart handsama etter sak 028/21 av omsyn til innkalla varamedlem.

030/21: 119/5 Birkeland - Søknad om deling av grunneigedom -Handsaming av klage på vedtak om frådeling

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunen sitt vedtak av 02.11.2020 saknr. 413/20 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvalsleiar, viste til tidlegare handsaming i utvalet og gildskapsvurdering for Alf T. Mortensen, FRP. Klagar har på nytt teke opp spørsmålet om gildskap knytt til hans venskapsforhold til Jon A. Birkeland, son til tiltakshavarane.

Alf T Mortensen, FRP, fekk høve til å gje si vurdering kring forholdet til Jon A. Birkeland, son til tiltakshavarane, og dei tilleggsmerknadene om gildskap som er sett fram av klagar i brev datert 26.03.2021 og 15.03.21 frå adv. Håvard H. Lothe. Han stadfesta si deltaking på ein fellestur der også Jon A. Birkeland deltok. Han har vore visevert i ca. 53 bryllaup, m.a. i bryllaupet til Jon A. Birkeland, og har vore i bryllaup til felles kjende. Kjenner ikkje til dåpsarrangement. Han avviste å ha hatt kontakt med vedkomande i denne saka - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap.

Sigmund Faugstad, FRP, møtte som vara - 5 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING gildskap
Alf T. Mortensen, FRP, vart kjend gild - samrøystes (1H,1SP,1SP,1FRP,1MDG)

Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 11-10, 1. ledd. Utvalet fann at det ikkje ligg føre

opplysningar som gir grunnlag for ugildskap etter fvl. kap. II, 1. ledd, og heller ikkje etter same lov 2. ledd, *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.*
Utvalet fann ikkje at hans forhold til partane i saka er av ein slik karakter at det gir grunnlag for å kjenna han ugild. Etter uvalet si vurdering ligg det ikkje føre nære venskapsforhold, men som i mindre bygder vil ein kjenna dei fleste og møta desse i ulike samanhengar. Dette er ikkje i seg sjølv nok til å bli kjend ugild. Utvalet fann ikkje at det har kome fram nye opplysningar som tilseier ei anna vurdering av gildskapsspørsmålet i denne saka.

Sigmund Faugstad, FRP, gjekk frå møtet. Alf T. Mortensen, FRP, kom tilbake til møtet - 5 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING
Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke (1H,1AP,1SP,1FRP,1MDG)

PL - 030/21 VEDTAK:

"Kommunen sitt vedtak av 02.11.2020 saknr. 413/20 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Sak 029/21 vart handsama etter sak 030/21.

029/21: 96/27 - Fotland - Søknad om dispensasjon for bygging av naust og kai med flytebrygge

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7 nr. 6, 11-9 nr. 1 og 5 til oppføring av naust og kai med flytebrygge på gnr. 96 bnr. 27, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelen.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Aksel Mjøs, H, bad om vurdering av sin gildskap grunna nært venskap og samarbeid med tiltakshavarane gjennom mange år - han tok ikkje del i møtet ved handsaming av gildskaps-spørsmålet - 4 medlemmer til stades.

Nestleiar Øyvind Litland, AP, overtok som møteleiar.

AVRØYSTING gildskap
Aksel Mjøs, H, vart kjend ugild - samrøystes (1AP,1SP,1FRP,1MDG)

Vedtaket vart gjort med heimel i kommunelova § 11-10, 1. ledd. Utvalet kjende Aksel Mjøs, H,, ugild etter fvl. kap. II, § 6, 2. ledd - *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.* Utvalet fann at det nære venskapskapsforholdet med tiltakshavar i saka inneber at et føreligg "særegne forhold" som er eigna til å svekka tilliten til hans upartiskheit i saka, og at utfallet av saka vil vera svært viktig for tiltakshavar.

Alf t. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

AVRØYSTING - utsetjing
Framlegget vart vart vedteke med 3 røyster (1FRP,1SP,1SP) mot 1 røyst (1MDG)

Møteleiar gjorde slikt framlegg: "Grunna synfaring i saka, vert fristen for kommunen si sakshandsaming utsett til 04.06.2021, jfr. byggesaksforskrifta § 7-3."

AVRØYSTING - utsett frist
Framlegget vart samrøystes vedteke.

PL - 029/21 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring.
Grunna synfaring i saka, vert fristen for kommunen si sakshandsaming utsett til 04.06.2021, jfr. byggesaksforskrifta § 7-3."

031/21: 88/38 Holme - Søknad om dispensasjon for oppføring av mur, opparbeiding av uteområde og utbetring av gangveg - handsaming av klage

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
"Administrativt vedtak av 15.12.2020 saknr. 481/20 vert opprettholde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

10.03.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Øyvind Litland, AP, gjorde framlegg om synfaring før handsaming.

Leiar teknisk forvaltning gjorde merksam på sakshandsamingsfristen i saka.

AVRØYSTING
Framlegg om synfaring - samrøystes vedteke

Utvalsleiar gjorde slikt framlegg: "Grunna synfaring i saka, vert fristen for kommunen si sakshandsaming utsett til 30.04.2021, jfr. byggesaksforskrifta § 7-3."

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegget.

PL - 023/21 VEDTAK:

"Saka vert utsett til neste møte for synfaring.
"Grunna synfaring i saka, vert fristen for kommunen si sakshandsaming utsett til 30.04.2021, jfr. byggesaksforskrifta § 7-3."

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: Klagen vert teke til følge. Det vert gjeve løyve som omsøkt. Det vert sett som vilkår at det vert leplanta på framsida. Stadeigen vegetasjon skal ivaretakast. Mur skal oppførast med front i naturstein.

Grunngjeving:
Terrenget er svært bratt i dag, og det er regelrett farleg å ferdast rundt bygget per i dag. Det er difor trong for å gjere tiltak for å førebyggje personskade på eigedomen.
Tiltaket vil ikkje føre til auka privatisering av strandsona i området. Dette er fordi einaste ferdselvegen ned mot strandsona på eigedomen er over og like forbi eksisterande hytte. Det er såleis positivt for all tilkomst til og frå strandsona at dette tiltaket vert innvilga. Tvert om aukar dette

tilkomst for ålmenta til sjøen og strandsona langs denne eigedomen.
Fjernverknad vil verte låg når muren vert leplanta på framsida, samt at den vert opparbeidd med natursteinsfront mot sjø.
Det er kommentert i saksframlegget tilhøvet til sjø og strandsoneplanen til kommunen. Her kom det inn svært mange merknader, og det vart understreka i dialogmøta med overordna mynde (fylkesmannen) at dette ikkje var ein plan der me skulle legge inn enkelttiltak slik som naust, flytebrygger o.l. Difor er ikkje dette og mange andre tiltak teke med i planen. Det er difor verdt å merke seg kvifor ikkje dette var teke inn i planen, og det er såleis ikkje grunnlag for å avslå søknaden av den grunn. Det har ved fleire høve dei siste par åra også vorte gitt løyve til naust og flytebrygger med grunngjeving at dei var gløymte i planen. Dette underbygger at det allereie er gitt ei oppmjuking til denne planen, og at det då må handsamast likt for alle søkjarar. Kommunen sin gjeldande forvaltningspraksis vert dermed ikkje sett til side i saka. Omsøkte tiltak er ellers er i tråd med føresegnene i planen. Kommunen sin arealdel er no vorte noko gamal, og difor er det stundom trong for å gje dispensasjon for å «fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner» jfr plan og bygningslova §1-1.
Det er klart større fordelar enn ulemper ved å gje dispensasjon i saka, JFR Plan og bygningslova §19-2.

AVRØYSTING
Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	2 røyster (1H,1MDG)
Alf T. Mortensen sitt framlegg	-	3 røyster (1FRP,1AP,1SP

PL - 031/21 VEDTAK:

"Klagen vert teke til følge. Det vert gjeve løyve som omsøkt. Det vert sett som vilkår at det vert leplanta på framsida. Stadeigen vegetasjon skal ivaretakast. Mur skal oppførast med front i naturstein.

Grunngjeving:
Terrenget er svært bratt i dag, og det er regelrett farleg å ferdast rundt bygget per i dag. Det er difor trong for å gjere tiltak for å førebyggje personskade på eigedomen.
Tiltaket vil ikkje føre til auka privatisering av strandsona i området. Dette er fordi einaste ferdselvegen ned mot strandsona på eigedomen er over og like forbi eksisterande hytte. Det er såleis positivt for all tilkomst til og frå strandsona at dette tiltaket vert innvilga. Tvert om aukar dette tilkomst for ålmenta til sjøen og strandsona langs denne eigedomen.
Fjernverknad vil verte låg når muren vert leplanta på framsida, samt at den vert opparbeidd med natursteinsfront mot sjø.
Det er kommentert i saksframlegget tilhøvet til sjø og strandsoneplanen til kommunen. Her kom det inn svært mange merknader, og det vart understreka i dialogmøta med overordna mynde (fylkesmannen) at dette ikkje var ein plan der me skulle legge inn enkelttiltak slik som naust, flytebrygger o.l. Difor er ikkje dette og mange andre tiltak teke med i planen. Det er difor verdt å merke seg kvifor ikkje dette var teke inn i planen, og det er såleis ikkje grunnlag for å avslå søknaden av den grunn. Det har ved fleire høve dei siste par åra også vorte gitt løyve til naust og flytebrygger med grunngjeving at dei var gløymte i planen. Dette underbygger at det allereie er gitt ei oppmjuking til denne planen, og at det då må handsamast likt for alle søkjarar. Kommunen sin gjeldande forvaltningspraksis vert dermed ikkje sett til side i saka. Omsøkte tiltak er ellers er i tråd med føresegnene i planen. Kommunen sin arealdel er no vorte noko gamal, og difor er det stundom trong for å gje dispensasjon for å «fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner» jfr plan og bygningslova §1-1.

Det er klart større fordelar enn ulemper ved å gje dispensasjon i saka, JFR Plan og bygningslova §19-2."

032/21: 89/56 Mjøs - Søknad om dispensasjon - oppføring av tilbygg og innglasing av takoverbygg

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:
"Kommunen gjev dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.13, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 5 til oppføring av tilbygg og innglasing av takoverbygg på gnr. 89 bnr. 56, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:
Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.
Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.
Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.
Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING
Rådmannen sitt framlegg - samrøystes (1H,1AP,1SP,1FRP,1MDG)

PL - 032/21 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.13, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 5 til oppføring av tilbygg og innglasing av takoverbygg på gnr. 89 bnr. 56, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving:
Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.
Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.
Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.
Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

033/21: 24/4 Søndre Kleppe - Søknad om dispensasjon til frådeling av eigedom

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5 bokstav a til frådeling av tunet på om lag 2,7 daa på gnr. 24 bnr. 4, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:
Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.
Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.
Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Aksel Mjøs, H, gjorde slikt framlegg om endring i vedtak: "Grenselina i sørvest skal trekkjast slik at det er tilkomst for traktor eller liknande ved rørekummen ved driftsbygningen."

AVRØYSTING
Rådmannen sitt framlegg med slikt tillegg
som foreslått - samrøystes vedteke (1H,1AP,1SP,1FRP,1MDG)

PL - 033/21 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5 bokstav a til frådeling av tunet på om lag 2,7 daa på gnr. 24 bnr. 4, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Grenselina i sørvest skal trekkjast slik at det er tilkomst for traktor eller liknande ved rørekummen ved driftsbygningen.

Grunngjeving:
Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.
Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.
Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

034/21: 15/39 - Låstad - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerhall

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plankravet i kommuneplanføresegn punkt 1.2 og gjeldande utnyttingsgrad i kommuneplanføresegn punkt 1.5, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 og 5, til oppføring av lagerhall på gnr. 15 bnr. 39, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår:

- **Maksimum utnyttingsgrad er 29,2 % BYA, jf. forskrift om tekniske krav til byggverk § 5-3.**
- **Det skal ikkje gjerast inngrep, som i ytterlegare grad byggjer ned kantvegetasjonen langs vassdraget, og det skal takast omsyn til vassdraget under riving og oppføring av ny lagerhall, jf. uttale frå Statsforvaltaren i Vestland i brev av 29.03.2021, jf. vassressurslova § 11.**
- **Det skal gjennomførast førebyggande tiltak for å redusere tilsig av ureina vatn til Lonevassdraget i anleggsperioden og etterfylgjande bruk av bygget, jf. omsynssone H560_71 Loneelvi, jf. plan- og bygningslova § 11-8, jf. uttale frå Statsforvaltaren i Vestland i brev av 29.03.2021.**
- **Eigar har plikt til å unngå ureining, jf. ureiningslova § 7."**

Grunngjeving:
Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.
Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.
Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.
Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING
Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke (1H,1AP,1SP,1FRP,1MDG)

PL - 034/21 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plankravet i kommuneplanføresegn punkt 1.2 og gjeldande utnyttingsgrad i kommuneplanføresegn punkt 1.5, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 og 5, til oppføring av lagerhall på gnr. 15 bnr. 39, jf. plan- og bygningslova § 19-2, på fylgjande vilkår:

- **Maksimum utnyttingsgrad er 29,2 % BYA, jf. forskrift om tekniske krav til byggverk § 5-3.**
- **Det skal ikkje gjerast inngrep, som i ytterlegare grad byggjer ned kantvegetasjonen langs vassdraget, og det skal takast omsyn til vassdraget under riving og oppføring av ny lagerhall, jf. uttale frå Statsforvaltaren i Vestland i brev av 29.03.2021, jf. vassressurslova**

§ 11.

- **Det skal gjennomførast førebyggande tiltak for å redusere tilsig av ureina vatn til Lonevassdraget i anleggsperioden og etterfylgjande bruk av bygget, jf. omsynssone H560_71 Loneelvi, jf. plan- og bygningslova § 11-8, jf. uttale frå Statsforvaltaren i Vestland i brev av 29.03.2021.**
- **Eigar har plikt til å unngå ureining, jf. ureiningslova § 7."**

Grunngjeving:
Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.
Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.
Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.
Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

035/21: 62/14 Haus - Pålegg om riving av tak over uteplass og retting av fasadeendring - Handsaming av klage

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:
"Administrativt vedtak av 18.02.2021 saknr. 051/21 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33.

Frist for pålegg om riving av tak og retting av fasade i vedtak av 18.02.2021 saknr. 051/21 vert endra til 30.09.2021."

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING
Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke (1H,1AP,1SP,1FRP,1MDG)

PL - 035/21 VEDTAK:

"Administrativt vedtak av 18.02.2021 saknr. 051/21 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33.

Frist for pålegg om riving av tak og retting av fasade i vedtak av 18.02.2021 saknr. 051/21 vert endra til 30.09.2021."

036/21: 129/28 Hamre - Søknad om dispensasjon til oppføring av naust - Handsaming av klage

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Klagar får ikkje medhald i klage motteke 06.01.2021, vedtak av 15.12.2020 saksnr. 477/20 vert opprettholde, og klagen vert send til Statsforvaltaren i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving
Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 15.12.2020 saksnr. 477/20 skal endrast.
Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

10.03.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde framlegg om synfaring.

AVRØYSTING - synfaring
Framlegget vart samrøystes vedteke.

PL - 017/21 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring."

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Klagar får medhald i klage motteke 06.01.2021, vedtak av 15.12.2020 saksnr. 477/20 vert gjort om, og det vert gjeve løyve som omsøkt. Vedtaket vert send til Statsforvaltaren i Vestland til orientering.

Grunngjeving
Arealet har vore nytta til lagring av båt og reiskap i om lag 40 år og er såleis vore nytta til aktiv bruk og før søknaden vart sendt inn. Det er kommentert i saksframlegget at det vart sendt inn merknad i arbeidet med sjø og strandsoneplanen til kommunen. Her kom det inn svært mange merknader, og det vart understreka i dialogmøta med overordna mynde (fylkesmannen) at dette ikkje var ein plan

der me skulle legge inn enkelttiltak slik som naust, flytebrygger o.l. Difor vart ikkje dette og mange andre tiltak teke med i planen. Det er difor verdt å merke seg kvifor ikkje dette var teke inn i planen, og det er såleis ikkje grunnlag for å avslå søknaden av den grunn. Det har ved fleire høve dei siste par åra også vorte gitt løyve til naust og flytebrygger med grunngjeving at dei var gløymte i planen. Dette underbygger at det allereie er gitt ei oppmjuking til denne planen, og at det då må handsamast likt for alle søkjarar. Kommunen sin gjeldande forvaltningspraksis vert dermed ikkje sett til side i saka. Omsøkte tiltak er ellers er i tråd med føresegnene i planen som omhandlar frittståande naust. Kommunen sin arealdel er no vorte noko gamal, og difor er det stundom trong for å gje dispensasjon for å «fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner» jfr plan og bygningslova §1-1.
Utvalet har vore på synfaring på eigedomen. Område mot vest er nyleg opparbeidd i samband med utbygging av kommunalt vass og avlaupsanlegg. Mot aust er det ein bergknaus som ikkje vert direkte berørt av omsøkte tiltak. Terreng i vest og sør-vest er prega av vegetasjon av villniss etter graving til vass og avlaup. Framom tiltaket er berget som ei naturleg hylle tiltaket vil det verte open strandsone og god tilkomst for besøkande. Terrenget gjer at eit byggetiltak vil verte dempa / lite synleg for omgjevnadene, og vil få ein dempa fasade mot sjøen og båttrafikken då terrenget bakom og på sidene vil skjule det nokså mykje. Det vert vurdert som positivt at denne tomta vert opparbeidd, då det vil sikre betre tilgjenge til sjø i eit ellers vanskeleg tilgjengeleg terreng. Det vert i tillegg oppfatta som mindre skjemmande for omgjevnadene både på land og sjø dersom båtar og reiskap kan oppbevarast innomhus, og ikkje under presenningar o.l. Presenning og plastikk forvitrar, og endar dermed lett som mikroplast i sjøen like ved. I tillegg utgjer dette ein fare for dyreliv med meir. Ut frå eit miljøomsyn vil eit permanent bygg gje lågare belasting på miljøet. Langs heile fjorden rundt Osterøy ligg det lagra båtar, reiskap og brygger gjennom året, og det er eit skjemmande syn for folk som vitjar fjorden med båt. Det er ei visuell ureining som vil betrast dersom det vert gjeve løyve. Tomta er prega av lausmassar, og det vil difor være avgrensa trong for sprenging for å kunne gjennomføre tiltaket.

Etter ei samla vurdering er omsyna til føresegnene det vert gjeve dispensasjon frå, ikkje sett til side. Det er klart større fordelar enn ulemper ved å gje dispensasjon i saka, JFR Plan og bygningslova §19-2."

AVRØYSTING
Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	2 røyster (1H,1MDG)
Alf T. Mortensen sitt framlegg	-	3 røyster (1AP,1SP,1FRP)

PL - 036/21 VEDTAK:

"Klagar får medhald i klage motteke 06.01.2021, vedtak av 15.12.2020 saksnr. 477/20 vert gjort om, og det vert gjeve løyve som omsøkt. Vedtaket vert send til Statsforvaltaren i Vestland til orientering.

Grunngjeving
Arealet har vore nytta til lagring av båt og reiskap i om lag 40 år og er såleis vore nytta til aktiv bruk og før søknaden vart sendt inn. Det er kommentert i saksframlegget at det vart sendt inn merknad i arbeidet med sjø og strandsoneplanen til kommunen. Her kom det inn svært mange merknader, og det vart understreka i dialogmøta med overordna mynde (fylkesmannen) at dette ikkje var ein plan der me skulle legge inn enkelttiltak slik som naust, flytebrygger o.l. Difor vart ikkje dette og mange andre tiltak teke med i planen. Det er difor verdt å merke seg kvifor ikkje dette var teke inn i planen, og det er såleis ikkje grunnlag for å avslå søknaden av den grunn. Det har ved fleire høve dei siste par åra også vorte gitt løyve til naust og flyte-brygger med grunngjeving at dei var gløymte

i planen. Dette underbygger at det allereie er gitt ei oppmjuking til denne planen, og at det då må handsamast likt for alle søkjarar. Kommunen sin gjeldande forvaltningspraksis vert dermed ikkje sett til side i saka. Omsøkte tiltak er ellers er i tråd med føresegnene i planen som omhandlar frittståande naust. Kommunen sin arealdel er no vorte noko gamal, og difor er det stundom trong for å gje dispensasjon for å «fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner» jfr plan og bygningslova §1-1.

Utvalet har vore på synfaring på eigedomen. Område mot vest er nyleg opparbeidd i samband med utbygging av kommunalt vass- og avlaupsanlegg. Mot aust er det ein bergknaus som ikkje vert direkte berørt av omsøkte tiltak. Terreng i vest og sør-vest er prega av vegetasjon av villniss etter graving til vatn og avlaup. Framom tiltaket er berget som ei naturleg hylle tiltaket vil det verte open strandsone og god tilkomst for besøkande. Terrenget gjer at eit byggetiltak vil verte dempa / lite synleg for omgjevnadene, og vil få ein dempa fasade mot sjøen og båttrafikken då terrenget bakom og på sidene vil skjule det nokså mykje. Det vert vurdert som positivt at denne tomta vert opparbeidd, då det vil sikre betre tilgjenge til sjø i eit ellers vanskeleg tilgjengeleg terreng.
Det vert i tillegg oppfatta som mindre skjemmande for omgjevnadene både på land og sjø, dersom båtar og reiskap kan oppbevarast innomhus, og ikkje under presenningar o.l. Presenning og plastikk forvitrar, og endar dermed lett som mikroplast i sjøen like ved. I tillegg utgjer dette ein fare for dyreliv med meir. Ut frå eit miljøomsyn vil eit permanent bygg gje lågare belasting på miljøet. Langs heile fjorden rundt Osterøy ligg det lagra båtar, reiskap og brygger gjennom året, og det er eit skjemmande syn for folk som vitjar fjorden med båt. Det er ei visuell ureining som vil betrast dersom det vert gjeve løyve. Tomta er prega av lausmassar, og det vil difor være avgrensa trong for sprenging for å kunne gjennomføre tiltaket.

Etter ei samla vurdering er omsyna til føresegnene det vert gjeve dispensasjon frå, ikkje sett til side.
Det er klart større fordelar enn ulemper ved å gje dispensasjon i saka, JFR Plan og bygningslova §19-2."

037/21: 100/1 - Krav om lovlegkontroll

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Vedtak av 10.03.2021 saksnr. 022/21 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 10.03.21 saksnr. 022/21 vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. kommunelova § 27-1 jf. §§ 27-2-27-3.

21.04.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart gjort merksam på at det skal stå *Statsforvaltaren* i vedtaket og ikkje *Fylkesmannen*, og at dette må rettast.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Klagen vert tatt til følge. Vedtak av 10.03.21 vert gjort om. Areal som vart trekt ut som spreieareal vert på nytt godkjent.

Grunngjeving:
Dette er ei sak som har rulla over svært mange år. Saksinnhaldet er ellereie avklara og vedteke av høgare organ men under andre saksnummer.
Følgande ekstrapunkt vert å nemne:
Det er fleire gonger i saka hevda at avrenning frå beiteområdet er auka som følge av planeringsarbeidet. Det kjem ikkje fram at det er opparbeidd ei større avskjæringsgrøft som deler av sigeområdet og som dermed har redusert sigemengda vesentleg frå det som det var tidlegare. Grøft er der som nytt foringshus står i dag, og leier sigevatn under her og ned i rørsystem under bøen. Dette er ei vesentleg saksopplysning som ikkje er kome fram. Landbrukskontoret var på synfaring i samband med dette arbeidet og kjenner difor til denne grøfta. Saka er dermed ikkje rett opplyst jfr kommunelova §13-1, tredje ledd.

Det er openberre feil i saksframlegget. Å hevde at eit området ikkje har vore nytta til spreieareal før i 2015, då det har vore godkjent areal sidan 1994 og begrunne dette med uttale frå ein nabo er ikkje god utarbeiding av saksgrunnlag for eit politisk organ. Arealet har sjølvsagt vore nytta som spreieareal, utan kunne ikkje garden hatt så mykje dyr som dei har løyve på. Og, spreiing på slike areal med dårleg tilkomst har vorte utført med såkalla handspreiar og slanger/røyr. Dette gir ikkje utvalet eit «faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak, jamfør Kommunelova §13-1, tredje ledd.

Komplett saksgrunnlag og oversikt over dei vedtak som er gjort knytt til området, spreiing med meir er ikkje lagt fram for utvalet. Dermed har ikkje utvalet høve til å få den fulle og heile oversikta i saka, og kan ikkje vite kva som er teke stode til frå før. Det er heller ikkje mogeleg å finne dette i arkivet.

Det er ikkje i nokon saksdokument lagt fram opplysningar som konkluderer med at det er spreiing av gylle som er årsak til problem med naboen sitt drikkevatn. Det er difor ikkje grunnlag for å endre vedtaket med dei vilkåra som lov og forskrift har sett. Dette har og statsforvaltaren tidlegare konkludert med. Rapportar og etterforsking presiserer at E.coli bakteriar er skadelege i om lag 36 timar, og førkomst av desse i gylle normalt er ikkje-eksisterande. Det er difor konkuldert med at det er truleg at beiting av husdyr eller ville dyr kan være årsaka. Om målet med vedtaket er å trygge drikkevatnet til naboen, vil ein difor ikkje oppnå noko effekt av vedtaket.
Saka må på bakgrunn av dette, samt det som er framsett i lovlegkontroll, omgjerast."

AVRØYSTING
Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	4røyster (1H,1AP,1SP,1MDG)
ALf T. Mortensen sitt framlegg	-	1 røyst (1FRP

PL - 037/21 VEDTAK:

"Vedtak av 10.03.2021 saksnr. 022/21 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 10.03.21 saksnr. 022/21 vert send til Statsforvaltaren i Vestland for handsaming, jf. kommunelova § 27-1 jf. §§ 27-2-27-3."

Andre saker/spørsmål

Spørsmål i møtet 10. mars

Oppfølgjing av bu- og driveplikt i Osterøy kommune, spørsmål frå Alf T. Mortensen, FRP

Notat frå landbrukssjefen vart delt ut i møtet og vert lagt ut i Møteportalen.

Trafikkskilt spørsmål frå Marit A. Jensen, MDG.

Svar frå Teknisk drift vert lagt ut i Møteportalen

V/A-anlegg

Alf T. Mortensen, FRP, viste til nytt leidningsanlegg Hosanger – Raknes-Hjellvik-Hamre og bad om informasjon om plan og framdrift for tilknyting til anlegget for abonnentar.

Kommunalsjefen kjem tilbake med informasjon om status i saka.

Alf T. Mortensen, FRP, tok opp rullering av forvaltningsplan for hjort og framdrift for dette. Han viste og til kjeveinnsamling og om resultatet av denne ligg føre, samt om det ligg føre informasjon om kva omfang tjuvskyting har på Osterøy.

Utvalsleiar bad om tilbakemelding på vidare handsaming av forvaltningsplanen og at denne vert lagt fram for utvalet før den vert lagt ut til høyring.

Alf T. Mortensen, FRP, viste til riving av den gamle brannstasjonen på Valestrand og bruk av tomten til bustaføremål, og kvifor saka ikkje har vore til politisk handsaming.

Leiar teknisk forvaltning viste til arealbruken er i samsvar med reguleringsplanen, og saka difor er handsama administrativt.

Øyvind Litland, AP, viste til tipp på Hausberg og fare for utrasing.

Leiar teknisk forvaltning viste til at saka er oversend Statsforvaltaren til handsaming, men at politikarane gjerne må ta direkte kontakt med aktuelle mynde i saka for å få fram behovet for tiltak.

Øyvind Litland, AP, viste til detaljregulering Haus sentrum og om det er kome mange innspel i saka, og vidare prosess i planarbeidet.

Kommunalsjefen kjem tilbake med svar.

Kjellaug Hartveit, SP, viste riving av bygning på Hauge og nytt bygg og korleis dette er handsama i kommunen og kva løyve som er gitt.

Leiar tekn. forvaltning kjem tilbake med svar til neste møte.

Aksel Mjøs, H, bad om status for rullering av kommuneplanen og prosess for dette.

Kommunalsjefen kjem tilbake med ei sak med forslag til organisering av kommuneplanarbeidet.

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknyting til spørsmål og svar.

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Øyvind Litland og Kjellaug Hartveit

Lonevåg, 22.04.2021

Bente Skjerping
utvalssekretær